


Reagerer på Blikra

Formannskapet i Lærdal ungdomsråd tykkjer det er uhøyrst at FAU-leiar Hadle Blikra ikkje ville skriva under på manifest mot mobbing. «At FAU ikkje har vore med i prosessen for å utforme dokumentet kan så vere, men at Blikra markerer dette med å ikkje skrive under framstår som heilt meiningslaust! Denne markeringa burde skjedd på anna vis, ikkje minst fordi det tek fokuset bort frå den elles svært viktige saka», skriv leiar Synnøve Askeland og nestleiar Helge Evensen Bjørkum i ein e-post til Sogn Avis.



KRITISKE: Synnøve Askeland og Helge Evensen Bjørkum, i Lærdal ungdomsråd. (arkivfoto)